

# DEN NORSKE KYRKJA

## Finnås Prestegjeld

Bremnes kyrkjelyd

## Årsmelding 2018 BREMNES SOKNERÅD

### Soknerådet si samansetjing:

|            |  |
|------------|--|
| Leiar:     | Berit Hallaråker   |
| Nestleiar: | Odd Kåre Sakseid   |
| Kasserar:  | Marie Habbestad  |
| Sekretær:  | Jarle Havn   |
| Medlemmer: | Anne Berit Hope, Lene Fylkesnes Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø og Asbjørn Gundersen. |
| Varamedl.: | John Olav Habbestad, Leif Røyroy, Iren Torget, Solveig Habbestad og Åsmund Håvik.                            |

### Representantar i Bømlo Kyrkjelege Fellestråd:

Berit Hallaråker, nestleiar og medlem av fellestrådet sitt administrasjonsutval.

Odd Kåre Sakseid, medlem av fellestrådet.

Vararepresentantar: Anne Berit Hope 1.vara og Per Nygård 2. vara.

### Møte/tilskipingar:

- Det har gjennom året vore 9 ordinære soknerådsmøte.
- 1 samrådsmøte med bedehuskrinsane og ungdomsheimen, i oktober.
- Arbeidsutvalet har hatt 9 møter for å førebu saker for rådet.
- Kyrkjelyden sitt årsmøte vart gjennomført 11.03.2018, i samband med ei gudsteneste.
- Det har vore gjennomført konsertar både med soknerådet og kantoriet som arrangør, og kyrkja har vore utleigd til andre konsertutøvarar.
- Det var ei marking i Desember at Jostein Molde slutta som Kantor etter 30års teneste.

### Saker som ligg fast i perioden er:

- Gjennomføring av fasteaksjonen med deltaking av konfirmantane
- Tildeling av offer
- Godkjenning av gudstenesteoppsettet i samarbeid med gudstenesteutvalet
- Arbeid i samband med konfirmasjonsgudstenestene
- Godkjenning av andre arrangement i kyrkja, m.a. konsertar i samarbeid med kantor
- Oppnemning av kyrkjevertar
- Utarbeide budsjett
- Behandle saker som vert oversendt soknerådet frå utvala og andre innkomne saker.

### Andre saker:

- Planlegging av 150års jubileumet for kyrkja til 2019.

### Visjon for vidare arbeid:

- Ta vare på den gode tradisjonen, tilpass han til vår tid og gje han vidare til nye generasjonar.
- Frå Trusopplæringsplanen:  
*Me vil at barn og ungdom på Bømlo skal møte ei raus og tydeleg kyrkje slik at dei får hjelp til å leva livet i tru, håp og kjærleik. Målgruppa skal etter gjennomført plan kunna seia: "Eg er døypt, eg er ein del av kyrkja."*
- Følgje opp dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden.
- Setje av tid på nokre soknerådsmøte til å drøfte det indre livet i kyrkjelyden, Soknerådet har det overordna ansvaret for at "kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet" slik det står i kyrkelova av 7. juni 1996, men dei ymse utvala har fått delegert ansvar for den delen av det kyrkjelege arbeidet mandatet tilseier, og utvala arbeider svært godt.

# DEN NORSKE KYRKJA

## Finnås Prestegjeld

### Bremnes kyrkjelyd

#### Utval

- **Arbeidsutvalet**

Oppnemnde medlemmar: Berit Hallaråker, Marie Habbestad, Jarle Havn. Utvalet har ansvaret for å setje opp sakliste for soknerådsmøta, og gjera vedtak i enkle saker og hastesaker.

- **Trusopplæringsutvalet (TOL):**

Oppnemnde medlemmar: Eva Høviskeland Gloppen (leiar), Laila Hansen Røksund, Anne Berit Hope, Karl Nygård og Hege Myre Willems Økland (sekretær). Utvalet har hatt 3. møter i 2018 og har arbeidd med fylgjande:

- Ulike TruD-tiltak:
- TruD1: Myldrekveld for eittåringar
- TruD2: Myldrekveld for toåringar
- TruD3: Krøllekveld for treåringar
- TruD4: Førsamling og utdeling av 4.Års-bok
- TruD6: Utdeling av 6.års-bibel
- TruD7: Påskevandring
- TruD8: Aktivitetsdag
- TruD9: Tårnagenthelg og supersamling
- TruD10: 10-års jubileum for dåp
- TruD11: Lysvaken
- TruD12: På sporet av Jesus i mars
- Konfirmant: Konfirmant og foreldrekveld
- TruD15+: Kino
- TruD16: Fjorårskonfirmantsamling
- TruD17/18: Tur til London.

- **Diakoniutvalet:**

Oppnemnde medlemmer:

Solveig Ingebjørg Habbestad (leiar), Jan Westermoen, Berit Svendsen, Jorunn Dagmar Alvsvåg, og Kåre Valde(referent). Torbjørg Hollund Eidet er ikkje med på møta, men er med på utdeling av blomar. Diakonimedarbeidar Sissel F. Våge har møtt på alle møta.

Utvalet har hatt tre møter i 2018 og har arbeida med følgjande:

- Helsingar til jubilantar i soknet som har runda 80, 90 og 100 år.
- Blomehelsingar til dei som har mist ektefelle eller born i løpet av året.
- Er støttande i det arbeidet som diakoniarbeidaren gjer.
- Besøksteneste.
- Diakoniarbeidaren er tilstades på Rasteplassen kvar torsdag, og elles tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg.
- Deltok på Bømlo kommune sin aksjon «Rydd ei strand».
- Open kyrkje ved Marknadsdag Bremnes sentrum.
- «Godhet» (prosjekt som vart starta opp av IMI kyrkja ) siste veka i mai. Me arrangerte to dagar med hjelp til folk med ulike ting. Alt frå kjøkenvask, maling av rekkverk/terasse til hagearbeid i samarbeid med Frivilligsentralen og representantar frå fleire av bedehusa.
- Fargerikt treff på Ungdomsheimen i samarbeid med KFUK/KFUM med aktivitetar mat, prat, litt om samfunnet og bibelhistorie om lag ein laurdag i månaden. Har og vore til Stord KIA.
- Temakveld for par med i september på Hiskjo bedehus i samarbeid med indremisjonane i soknet. Ingeborg Ørjasæter hadde foredrag basert på PREP Samlivskurs, og temakveld i kyrkja med John Kristian G. Rolfsnes om «Når livet endrar seg – samspel mellom helse og åndeleg liv».
- Sorggruppe for dei som har mista ektefelle/sambuar i samarbeid med diakonen på Stord.
- Felles minnegudsteneste med Moster og Bremnes.
- Seks treffkveldar/forenkla gudsteneste tilpassa menneske med utviklingshemming. Desse deltok også på ei gudsteneste.

# DEN NORSKE KYRKJA

## Finnås Prestegjeld

### Bremnes kyrkjelyd

- Ni songstunder på sjukeheimen i saman med trekkspelklubben.
  - Julekveld for alle i samarbeid med KFUK/KFUM.
- **Gudstenesteutvalet:**  
Medlemmer er: Arnfinn Norheim (leiar), Asbjørn Gundersen, Karsten Nesse, Lene Fylkesnes Nesse, Per Nygård, Inga Svanheld og Jostein Molde. Gudstenesteutvalet har ikkje hatt møte i 2018.

## Kyrkjemusikalsk arbeid

Kyrkjemusikalsk kontakt for soknerådet er Berit Hallaråker, fagleg ansvarleg: Kantor Jostein Molde. Det har vore 11 kyrkjemusikalske arrangement i Bremnes kyrkje, av desse 8 i eigen regi (sokneråd og kantori). Frammøte: Anslagsvis 2.900 menneske, som gjev eit snitt på ca 260!

Utanom vanlege gudstenester har det vore eit godt og varierende år med kyrkjemusikalske arrangement. I februar var det songkveld og i april vart det arrangert salmefest i kyrkja. I august kom Lynda Randle og hadde konsert og i slutten av september arrangerte Bømlo gospel konsert. I oktober vart det arrangert «Orgelmusikk og aftansong» og i november «Når ord og tonar møtest». I desember kom Voice of joy og hadde konsert. Kulturskulen, Havdur og Bømlo gospel har gjennomført fine advents- og julekonsertar, og soknerådet sin tradisjonelle julekonsert med kor og korps står framleis sterkt.

Bremnes kantori har knapt 40 aktive medlemmer. Utanom eigen konsert og medverknad ved andre høve, har koret delteke med grupper og fullt kor ved mange gudstenester i Bremnes kyrkje. Soul Children og Bømlo gospel driv aktivt og godt. Begge har øvingsplass i Bremnes kyrkje. Soul Children og Havdur har delteke ved gudstenester i løpet av året. Lokale instrumentalistar har delteke i nokre gudstenester, både som solistar og i band. Dette var også siste året med Jostein Molde som kantor i Bremnes kyrkje etter 30 år i trufast og solid teneste. Øystein Lund Olavsens overtok som ny kantor i Bremnes kyrkje frå 1. januar 2019.

### Tekstlesarar:

Berit Hallaråker, Anders Stavland, Randi Hillesøy Kallevåg og Håkon Staveland.

Dei gjer teneste som tekstlesarar ved gudstenester og er med for å formidla bibeltekstane på ulike måtar for kyrkjelyden.

### Kreativ tenestekomite:

Medlemmer: Ingebjørg Dale Madsen, leiar, Målfrid Stautland og Elisabeth Kvelland

Komiteen har ansvar for å pynte i kyrkja ved spesielle høve, t.d. Konfirmasjonsgudstenester og julegudstenester. Ved nokre høve er målet med utsmykkinga at kyrkjelyden skal få oppleve bibelteksten eller temaet for gudstenesta, med andre sansar enn høyrsla.

### Kyrkjekaffikomite:

Medlemmar: Wenche T Alvsvåg, Gunn Svendsen Meling, Gerd Marit Nesse, og Åshild Olsen.

Kyrkjekaffien er eit viktig innslag for å skapa og ta vare på fellesskapet i kyrkja. Dei har laga til trivelege stunder etter gudstenesta, der kyrkjelyden kan ta seg tid til ein prat, kaffi og noko å bita i. I 2018 har dei **17 gonger** servert kyrkjekaffi etter gudstenesta og dekkja kveldsmåltid etter forbønsgudstenester. Komiteen har også ansvar for at det vert servert frukt ved hausttaklegudstenesta. Mange stoppar for ein prat og kaffi.

### Video-overføring til BBR og sjukeheimen.

I 2018 har stort sett samtlige gudstenester blitt overflørt til Bømlo Sjukeheim. I tillegg har fleire konsertar og andre arrangement blitt overførte. Nytt i 2018 var bytte av streaming-leverandør som me no får frå [www.christianworldmedia.com](http://www.christianworldmedia.com). No kan ein sjå overføring også via AppleTV med ein dedikert app-installasjon. Dette er planlagt lagt inn på Bømlo sjukeheim våren 2019. Det er 5 personar som syt for at gudstenester og anna som soknerådet har ansvar for i kyrkja, vert video-overført til Bømlo sjukeheim. Hermann Økland har hovudansvaret. Dei andre som er, og har vore, med er Jens

# DEN NORSKE KYRKJA

## Finnås Prestegjeld

### Bremnes kyrkjelyd

Steinsbø, Oddvar Pedersen, Kjell Rolfsnes og Sverre Håvik. Ei viktig teneste til glede for dei som sjølv ikkje kjem seg til kyrkje.

#### Ymse kontaktpersonar.

Odd Kåre Sakseid – KN-kontakt. Han har ansvaret for å koordinera innsamlingsarbeidet for Kirkens Nødhjelp-aksjonen som er konfirmantane sitt vårprosjekt.

Håkon Staveland er soknerådet sin representant i styret for *Gjevartenesta for soknediakonstillinga*.

Medlem av Estlandskomiteén er Håkon Staveland og **Anne Lie Steinsbø**. Komiteén har ansvar for kontakt med vennskapskyrkjelyden vår i Sangaste.

#### Frivillige medhjelparar ved nattverd:

Olav Mæland (fast) i tillegg til Håkon Staveland, Odd Kåre Sakseid, Berit Hallaråker, Sissel Våge og Anne Lie Steinsbø.

#### Dåpsvertar:

Medlemmar: Anne Lie Steinsbø, Sigrunn Selle Stavland, Marta B. Økland, Randi Hillesøy Kallevåg og Synnøve Staveland. Dåpsvertane tar imot dåpsfamiliane og leggjer tilrette for dei i dåpssakrestiet og i kyrkja.

#### Statistikk:

|                          | Bremnes | Bremnes | Bremnes | Bremnes | Bremnes |
|--------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
|                          | 2018    | 2017    | 2016    | 2015    | 2014    |
| Døypte                   | 63      | 71      | 73      | 75      | 86      |
| Konfirmerte              | 66      | 87      | 92      | 92      | 78      |
| Kyrkjeleg vigsel         | 8       | 9       | 7       | 16      | 5       |
| Gravferder               | 58      | 44      | 35      | 59      | 50      |
| Gudstenester             | 75      | 71      | 70      | 65      | 69      |
| Musikkand./Konsertar     | 11      | 11      | 9       | 12      | 8       |
| Innmelde DNK             | 6       | 0       | 3       | 1       | 3       |
| Utmelde DNK              | 12      | 20      | 21      | 15      | 1       |
| Takkoffer/Kollekt        | 399533  | 342561  | 240239  | 298842  | 327398  |
| Givartenesta             | 45950   | 65700   | 81950   | 109800  | 74500   |
| Andre innsaml.i soknet   | 97550   | 83323   | 107494  | 107452  | 109190  |
| Deltaking v/ alle gudst. | 12743   | 12315   | 12337   | 11498   | 12562   |

#### Økonomi:

Det vert vist til rekneskapen.

*Strukturen i det arbeidet som soknerådet har ansvar for, fungerer godt, men innsatsen dei mange trufaste frivillige gjer kvart einaste år, er heilt avgjerande.*

*Soknerådet takkar alle medlemene av utvala og alle andre som gjer ein stor og viktig innsats for at kyrkjelydslivet skal kunna veksa.*

*Me takkar også for det gode samarbeidet me har med dei tilsette på kyrkjekontoret.*

Årsmelding 2018 er godkjend i Bremnes sokneråd 19.02.2018

Sak 02-07-19

Berit Hallaråker  
leiar

Jarle Havn  
sekretær